

Nr. 69
16. juni 2008
Årgang 59
Løssalg kr. 15,-

www.hardanger-folkeblad.no

mandag

Kvalitetsrevy med ny oddasong



Foto: Herdis Moldøen

Regissør Irene Ahnell (til venstre) kan slå seg sjølv på brystet og nøgd med sommarens revy. Med tekstar og spel frå Oddvar Jersin (til høgre) og Yngve Dyvik vart revysongane høgdepunkta i

år. Dessutan debuterte fjordajenta Bente Raaen med glans og Idol-Helge Tverdalen som allsonggeneral gjorde kvelden komplett. Etter årets revy spår Hardanger Folkeblad at Odde har fått ein

song som endeleg kan ta over for «Lynt i ly av trauste fjelle».



DEBUTERTE. Bente Raaen gjorde ein god debut. Her ser vi ho dansa i den udefinerte gjesteopp-tredenen frå «Die Sauerkraut Casanova».



BYGDEDYRET. Irene Ahnell som bitter og sint fjording og vert for fruktbingo.



VARMA OPP ALLSONGEN. Askil Holm var i Odda i helga med tre konsertar på Bar1 og i Steinparken. Fredagen varma han teltet for allsongen med ein eigen låt og «Løvva Livet» med Åge Aleksandersen.



NAKNE SPARK. Oddvar Jersin og Yngve Dyvik, her som Finn Kristoffesen og Gard Folkvord, eller hjernebarken og veden i kveldens beste nummer.

Ikkje hailt blåst revy

Den var ikkje *litt* blåst eingong. Den var rett og slett veldig god.

Fredag var det premiere på sommarrevyen «Hailt Blåst». Tittelen som er skikkeleg oddisk er ikkje skildrande. Dette var ein revy ein kunne sett ein og fleire gongar, berre for å kunna songtekstane utanat. Strålende debut Bente Raaen gjorde ein strålende debut på revyscena. Ho syng heilt fantastisk, har den rette mimikken og verken over eller underspelar.

I monologen som lita overbeskytta jenta, var ho glitrande. Teksten kom godt fram, poenga satt der dei skulle og ho hadde publikum i si hand.

Oddvar Jersin og Yngve Dyvik gjorde med denne revyen eit comeback til Odda. Sist gong stod dei på scena i Formannshuset. Sidan har dei levert fleire revynummer til sommarrevyen. Dei er eit radarpar som er glitrande på tekst og melodi.

Humoristiske spark

Ein revy skal sparka litt i alle kantar og gi humoristiske hint om maktstruktu-

rar og feilslått politikk. Dette kunne det vore gjort meir og i langt større grad.

Forklaringa er nok at ingen av tekstskribentane bur i Odda, og kanskje at Odda er ei ladd bombe når det gjeld freiding, unesco og politikk slik at det blir eit sjansespel å gjera noko morosamt ut av det.

Men eitt nummer var spesielt glitrande. Songen «det e til deg... Finn Kristoffersen». Ein trøstesong til rådmannen som slettes ikkje har kontroll på verken sextelefonar eller budsjett.

Nummeret er spelt av Jersin og Dyvik. Dei kom inn heilt avkledd, satt i berre trusa og brukte berre ein rekvisitt kvar for å etterlikna Finn Kristoffersen og Gard Folkvord.

God idé, og eit godt spark bak. Ein kunne sjå at høgrepolitikarane i salen likte denne spesielt godt og heile teltet song med.

Bygdedyret

Irene Ahnell var også glitrande som bygdedyret in persona i «Fruktbingo». Så mykje hat og sinne i ein person er sjeldan, men god vare. Dyktig spill, god

dialekt og bra tekst med poeng som slår i alle retningar frå austsiingane som stel «aokans vatn», sigøynareidfjordingane og tafatte politikarar.

Også sjømannspresten og parodien på hotellbaron og nachspielkonge Ole Melkeraaen var glitrande.

Nokre nummer kunne kanskje vore kutta i. «Dei fire musketerer» kunne med fordel blitt stramma opp og fått eit betre sluttpoeng, skjont harselasen om dei bagatellmessige urettferdighetene var strålende.

Nummeret om det nye vestlandspartiet var for langt og på grensa til kjedeleg, men å få inn ein parodi på Radio Folgefonn-Flattun på slutten, var glitrande. Standup med «Døvingen» kunne også blitt flytta fram slik at vi fekk med oss teksten. Dessverre glapp denne sketsjen for meg på grunn av for mykje bråk frå fulle, pratesjuka gjester i salen. Når det er sagt så burde vakthaldet vore mykje strengare. Dei som måtte gå etter mykje høglydt prating, roping og upassande synging, vart ikkje kasta ut eitt sekund for tidlig. Når så få klarar å øydeleggje for så mange, skal ein ikkje

neye seg med koseprat med fulle folk. Få dei ut med ein gang, så folk som er der for å sjå god revy faktisk får tekstane og poenga med seg.

Ny Oddasang

I kjølvatnet av denne revyen, spør eg at Odda får ein ny diskusjon om Odda-songen. Mitt forslag er å bruka opningsporet «Oddingar» skrive på den heftige acde-låta «Thunderstruck».

Revyen sin dyktige allsanggeneral og Oddas einaste idolstjerna, Helge Tverdal, skal sjølv sagt ha vokalen:

– Vi er ikkje redd for noe. For vi har tungmetall i blodet. For vi er oddingar. Spill den inn og resirkuler den heftig på youtube og lokalradioen. Oddingane treng ein ny song. Vi treng noko samlande.

Bra jobba, revygieng. Dei som ikkje har kjøpt billett, bør springa og kjøpa. Det er berre tre framsyningar att.

Eg gleder meg allereie til neste år og til å sjå den nye oddasjonen på youtube!

Herdis Moldøen